



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
73/2024	Formannskapet	21.11.2024
105/2024	Kommunestyret	12.12.2024

Eigedomsskattevedtak for Vågå kommune 2025

Vedlegg

1 Fritaksliste 2025

Saksframlegg:

Etter lov om eigedomsskatt av 6. juni 1975, nr. 29 § 10 skal kommunestyret for kvart år i samband med budsjettbehandlninga fastsetja kva for satsar og reglar som skal gjelde ved utskriving av eigedomsskatt for det komande året.

Vågå kommune skriv i dag ut eigedomsskatt på faste eigedommar i heile kommunen (vedteke i kommunestyret i sak 105/13).

Heimelen for utskriving av eigedomsskatt er nedfelt i eigedomsskattelova §§ 2 og 3, der § 3 angjev kva for valalternativ kommunen har ved utskriving av eigedomsskatt:

Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten

- a) *faste eigedomar i heile kommunen*
- b) *faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller*
- c) *berre kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller*
- d) *berre på nærings eigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller*
- e) *eigedom både under b) og c), eller*
- f) *eigedom både under b) og d), eller*
- g) *faste eigedomar i heile kommunen, unnateke nærings eigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.*

I 2024 nyttar Vågå kommune ein generell eigedomsskattesats på 7 promille, jf. esktl. §11, fyrste ledd. Differensiert skattesats for bustadeigedomar og fritidseigedomar er på 4,0 promille, desse har ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 % (esktl. § 8 A-2, 1. ledd).

Kommunestyret kan gje fritak etter § 7 i eigedomsskattelova. For 2024 var det gjeve fritak til følgjande type objekt:

- Nyoppførte bustader, 10 års fritak frå ferdigstilling (esktl. § 7 c))

- Eigedommar til stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylket eller staten (esktl. § 7a))
- Bygningar med historisk verdi (esktl. § 7 b))

Vurdering:

Eigedomsskatten styrkar kommuneøkonomien og bidreg til at kommunen kan oppretthalde eller betre tenestetilbodet til innbyggjarane. Eigedomsskatten er ein sikker og robust inntektskjelde for kommunane og gjev stabile inntekter frå år til år. Etersom skatten i all hovudsak er knytt til bygg og grunn, er skattegrunnlaget mindre mobilt enn til dømes finanskapital. Eigedomsskatt er ei fri kommunal inntekt som i sin heilskap går til kommunal tenesteproduksjon. Det inntektspotensialet som ligg i den kommunale eigedomsskatten bør vurderast opp mot eventuelle kutt i tenesteproduksjonen i tronge budsjettår.

I KS 64/18 vart det vedteke at Vågå kommune skal nytte Skatteetatens boligverdi på bustadhus frå og med 2020. Kommunedirektøren rår til at verdsetjingsmetoden blir vidareført for skatteåret 2025. Gardsbruk, fritidseigedommar og næringseigedommar har ikkje boligverdi, og blir taksert av takstnemnda sjølv.

Kommunen er frå 1. januar 2025 tvungen til å byte forsystem for kommunal avgifter og eigedomsskatt, da eksisterande leverandør legg ned satsinga si på dette område. Med bakgrunn i dette rår kommunedirektøren til at det i 2025 blir sendt ut faktura med 10 like terminar (det er nytta 12 like terminar i 2024), der fyste termin blir sendt ut i mars 2025. Dette for å ha moglegheit til å byte til ny systemleverandør.

Kommunedirektøren si innstilling:

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast:
 - a. Faste eigedommar i heile kommunen.
2. Den generelle skattesatsen i Vågå kommune blir sett til 7 promille av takstgrunnlaget (esktl. § 11).
3. Skattesatsen for bustadhus og fritidseigedommar blir sett til 4 promille (esktl. § 11).
4. Ved utskrivning av eigedomsskatt på bustader skal Skatteetaten sin boligverdi nyttast (esktl. § 8 C-1).
5. Eigedomsskatten skal betalast i 10 terminar saman med andre kommunale avgifter.
6. Kommunestyret opprettheld fritak i 2025 for følgjande typar objekt, jf. vedlagt fritaksliste:
 - a. Fritak for eigedommar til stiftingar/institusjonar som tek sikte på å gangle kommunen, fylket eller staten (esktl. § 7 a).
 - b. Fritak for eigedommar av historisk verdi og /eller freda bygg (esktl. § 7 b).
 - c. Nyoppførte bustadeigedommar får fritak for eigedomsskatt i 10 år frå ferdigstillingsdato (esktl. § 7 c).

Formannskapet si behandling av sak 73/2024 i møte den 21.11.2024:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

- 1.I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast:
 - a.Faste eigedommar i heile kommunen.
- 2.Den generelle skattesatsen i Vågå kommune blir sett til 7 promille av takstgrunnlaget (esktl. § 11).
- 3.Skattesatsen for bustadhus og fritidseigedommar blir sett til 4 promille (esktl. § 11).
- 4.Ved utskriving av eigedomsskatt på bustader skal Skatteetaten sin boligverdi nyttast (esktl. § 8 C-1).
- 5.Eigedomsskatten skal betalast i 10 terminar saman med andre kommunale avgifter.
- 6.Kommunestyret opprettheld fritak i 2025 for følgjande typar objekt, jf. vedlagt fritaksliste:
 - a.Fritak for eigedommar til stiftingar/institusjonar som tek sikte på å gangne kommunen, fylket eller staten (esktl. § 7 a).
 - b.Fritak for eigedommar av historisk verdi og /eller freda bygg (esktl. § 7 b).
 - c.Nyoppførte bustadeigedommar får fritak for eigedomsskatt i 10 år frå ferdigstillingsdato (esktl. § 7 c).

Kommunestyret si behandling av sak 105/2024 i møte den 12.12.2024:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

- 1.I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast:
 - a.Faste eigedommar i heile kommunen.
- 2.Den generelle skattesatsen i Vågå kommune blir sett til 7 promille av takstgrunnlaget (esktl. § 11).
- 3.Skattesatsen for bustadhus og fritidseigedommar blir sett til 4 promille (esktl. § 11).
- 4.Ved utskriving av eigedomsskatt på bustader skal Skatteetaten sin boligverdi nyttast (esktl. § 8 C-1).
- 5.Eigedomsskatten skal betalast i 10 terminar saman med andre kommunale avgifter.
- 6.Kommunestyret opprettheld fritak i 2025 for følgjande typar objekt, jf. vedlagt fritaksliste:
 - a.Fritak for eigedommar til stiftingar/institusjonar som tek sikte på å gangne kommunen, fylket eller staten (esktl. § 7 a).
 - b.Fritak for eigedommar av historisk verdi og /eller freda bygg (esktl. § 7 b).
 - c.Nyoppførte bustadeigedommar får fritak for eigedomsskatt i 10 år frå ferdigstillingsdato (esktl. § 7 c).

